

## VEDTEKTER for Atheno AS

### § 1 Namn

Selskapet sitt namn er Atheno AS.

### § 2 Forretningskontor

Selskapet si forretningsadresse er i Stord kommune.

### § 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er:

- Å fremja auka samarbeid innan industrien i regionen. Dette skal primært skje ved å utvikla nettverksarenaer for å gjera medlemsbedriftene meir innovative og konkurransedyktige. Ressurspersonar frå bedriftene skal knytast saman i ressursnettverk.
- Å driva inkubatorverksemd i regionen og arbeida for entreprenørskap og nyskaping i vid forstand.
- Å driva regionalt nærings- og samfunnsutviklingsarbeid som bidreg til oppstart og vidareutvikling av verksemdar i Sunnhordland.
- Å tilby tenester til næringsliv og offentlege aktørar til så høg kvalitet og attraktiv pris at ein vert den føretrekte samarbeidspartnaren for desse.
- Å arbeida fram samt å tilretteleggja og tilby naudsynt kompetanse i regionen.

### § 4 Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er kr 3 221 000 fordelt på 3 221 aksjar pålydande kr 1 000.

### § 5 Generalforsamling

Ordinær generalforsamling vert kvart år halden innan utgangen av juni månad.

Generalforsamlinga vert leia av styreleiar.

Alle aksjonærar har stemmerett på generalforsamlinga, og stemmerett for den enkelte aksjonær er avgrensa slik:

1-125 aksjar	= 1 stemme
126 – 250 aksjar	= 2 stemmer
Frå 251 aksjar og oppover	= 3 stemmer

Stemme kan gjevast ved fullmakt frå aksjonær.

Ordinær generalforsamling skal handsama:

- a) Resultatrekneskap og balanse – herunder årsoverskot/-underskot
- b) Val av styreleiar og styremedlemer
- c) Fastsetjing av godtgjersle til styret
- d) Val av revisor, samt fastsetjing av godtgjersle til revisor
- e) Val av neste års valkomité
- f) Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga

Varsling av generalforsamling vert sendt alle aksjeeigarar per e-post, seinast ein måned før tillyst generalforsamling. Det skal i e-posten og meldast om frist for saker som aksjonæren ønskjer å ta opp til handsaming på generalforsamlinga.

Innkalling til generalforsamling vert sendt elektronisk med 7 dagers frist, rekna frå avsending.

## **§ 6 Ekstraordinær generalforsamling**

Ekstraordinær generalforsamling kan haldast når styret finn det naudsynt. Styret skal kalla inn til ekstraordinær generalforsamling når revisor eller aksjeeigar som representerer minst 10% av aksjekapitalen skriftleg krev det for å få handsama eit nærare angitt emne. På ordinær generalforsamling kan ein berre handsama dei sakene som er nemnt i innkallinga, med mindre frammøtte aksjeeigarar gir sitt samtykke til noko anna.

Innkalling til så vel ordinær som ekstraordinær generalforsamling, vert sendt skriftleg med 7 dagers frist, rekna frå avsending.

## **§ 7 Styret**

Styret skal bestå av sju til elleve medlemer og blir valde for ein periode på to år.

Styreleiar blir vald av generalforsamlinga for to år om gangen. Styret konstituerer seg sjølv og er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemane er til stades.

Ved stemmelikhet har styreleiar dobbeltstemme.

## **§ 8 Valkomité**

Valkomiteen skal bestå av tre medlemer. Medlemer av valkomiteen blir valde for tre år, med ei forskyving slik at eit medlem vert bytt ut kvart år. Det medlem som er inne i sitt siste virkeår er leiar av komiteen.

Valkomiteen skal fremja forslag på kandidatar til styret, herunder kandidat som styreleiar, og kandidatar til valkomiteen.

Valkomiteen skal fremja forslag om honorar til styret.

## **§ 9 Firma og prokura**

Styreleiar eller nestleiar og eit styremedlem i fellesskap har signatur. Styret kan tildela prokura.

## **§ 10 Kjøp og sal av aksjer**

Aksjane kan kun omsetjast etter godkjenning av styret. Overdraging kan ikkje nektast utan sakleg grunngeving. Melding om aksjeoverdraging vert sendt styret.

## **§ 11 Utbytte**

Selskapet betaler ikkje utbytte til eigarane.

## **§ 12 Endring av vedtekter**

Endring i vedtektene kan skje i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

**Vedteke: Ordinær generalforsamling 30.04.2019**